

Noregs Mållag, Hordaland Mållag og Odda Mållag

i samarbeid med Odda kommune

Dei politiske partia i Hordaland

Invitasjon til møte i Bergen tysdag 18.08.15 kl.18.00.

Møtestad: Litteraturhuset i Bergen – mellom Torgallmenningen og Jernvanestasjonen..

Tema for møtet: Nynorsken sin plass i skulen i Hordaland og Oddamodellen spesielt.

Framfor stortingsvalet for to år sidan arrangerte Hordaland Mållag og fleire lokallag eit ope møte i Bergen. Temaet for det møtet var sidemålsstilen. På det møtet deltok fem noverande stortingsrepresentantar. På nytt vil me skipa til eit møte som rettar søkjelyset på språksituasjonen i Noreg og rammevilkåra for nynorskelevane.

Denne gongen vil me setja fokus på opplæringssituasjonen for nynorskelevane i grunnskulen i Hordaland. På møtet vil me presentera Oddamodellen som me ser på som ei motkraft, ja bortimot ei motgift mot målbyte både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen.

Oddamodellen går kort ut på at elevane går i språkdelte klassar frå fyrste til tiande klasse, og at lærarane underviser på nynorsk i nynorskklassar.

Sjå vedlagd kvitbok om Oddamodellen.

Kommunestyret i Odda har vedteke å samarbeida med Noregs Mållag om å få gjennomslag for Oddamodellen. Me ynskjer at Oddamodellen skal verta allmenn og at Staten skal bera meirkostnadene med språkdelinga.

I Odda er det sett ned ei gruppe med ordførar John Opdal i spissen. Denne gruppa skal saman med representantar for Odda ungdomsskole (lærarar og elevar) møta Hordalandsbenken på Stortinget. Møtet skal vera 2.juni og på det møtet vil også Noregs Mållag sentralt delta.

Møtet i Bergen vil i tillegg til å vera eit politisk møte også vera eit informasjonsmøte der representantar for Odda kommune og Odda ungdomsskole vil presentera Oddamodellen. Vidare vil me ta opp korleis språkdelinga på barnetrinnet i Bergen og omlandskommunane vert praktisert

Frå ein mållagssynsstad er dette ei svært viktige saker, og me vonar og ber så sterkt me kan om at alle dei politiske partia som kan koma i politiske posisjonar etter valet, vil stilla opp på møtet i Litteraturhuset i Bergen tysdag 18.august. Møtet byrjar kl. 18.00.

Sjå vedlagt program.

Me bed om svar på denne invitasjonen innan tysdag 26.mai. Då vil me i etterkant kunna presentera eit fullstendig møteprogram for Hordalandsbenken 2.juni.

Med venleg helsing

for tilskiparane

Tilbakemedding på invitsjonen sender de til